Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kviteseid

Emne: Helsing, fakter og åtferd. Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Heggtveit Gard:

(adresse): Meås G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.–2.

Når folk helsar på kvarandre er det i håndi. Det gjer dei når det er ei stund sidan dei hev møts, likeeins kjem presten på besøk er det støtt håndhelsing. Før i tida gjorde dei det meir ~~…~~ en dei gjer no milom einanan og. (Helsa med høgre hånd.)

Kjenner dei ikkje kvarande når dei møtes f. eksp. heilt framande, helsar dei ikkje i alle høve.

„Ja" og „nei" vert som oftast sagt utan nokon fakter, men det vert og bruka å nikke med hovu eller bevege ei hånd.

3.–4.

Helse når dei møttes fyrst var som regel gjort av ~~leven~~ det var av partane. Dei sagde då „god morgon" „gud dag" „farvel" „gud kveld" „god natt." og „lev so væl". Alt etter som det høvde på dagen.

5.

Millom sine eigne tok dei aldrig

11330

av seg luva eller hatten. Dette var gjort for alle embetsfolk, som prest, lensmann, skrivar og sridare.

6.

Kom nokon inn i eit hus eller han treffte ein og ha eit særskilt målevne og bera fram, kunde han verta stan-stande med luva eller hatten i håndi. Ein stod då som regel litt forlegen og dreia på luva hell hatten millom hendarne. Dette hövde ofte fyre i tid når ein gut kom og bad „om håndi" til dotter av ein bonde, fridde som dei segjer no.

7.

Det var ingen forsjell på helsing anten ein var i högtid eller kvardags-drakt.

8.

Når dei möttes ved kyrkja helsa dei dei på kvarandre „i håndi".
Og som för sagt, når dei ikkje ha treft einanen på ei stund.

9.

Og klappa ein på öksli var gjort som utrykk for venskap eller i ein handel.

10.

Mennarne lyfte altid på hatten eller tok den av når dei höyrde kyrkeklokka.

11.

Når nokon mötte ei likferd stana han og tok luva hell hatten av.

11330

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

12.
~~Det~~ er ikkje fortalt om at dei helsa på dyr eller andre ting.

13.–14.–15.–16.
Som før nevnt bruka dei „gud dag“ f. eksp. tidleg om morgon, og dei andre ved dei seinare høve om dagen.
Dette med morn“ som no vert bruka bådde i tid og utid, ha dei ikkje før. Det hev kome til i seinare tid. Dei helt fast på dei gamle helsingar ~~fast~~ før i tid.

17.
Sume bruka og helse og segja „Gud sign deg.“ Ei gamal kjerring ha til vis når ho kom inn og ha helsa so tok ho seg uyp på knuten på hovudørklæe for å kjenna om den var i orden.

18.
Ein talemåte som dei bruka leng attende i tid var å segja „God Mot.“

19.
Når nokon kjem ut å tek mot ein gjest og han helsar på honom, tek likevel gjesten og helsar alle i huset når han kjem inn i stoga.

20.
Når ein vilde tala med husbonden åleine, banka ein på og bad um å få snakke me husbonden sjølv.
Dei talas på saman ute - eller stundom gjekk dei ut i eit rom og snakka saman der.

11330

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21.
Dette å banke på dynni når dei gjekk inn er å noko som kom til i nyare tid. Men det vert som oftast bruka yver alt no. Dei reknar det no for å vera lite danels i å ganga beint på, då visst hjå framande.

22.
Når ein bankar på svarar dei inne „kom inn“, dette gjeld enno. Ein gjekk då inn og helsar.

23.
Han hefta lit ved dynni til dei bad han sita.

24.
Dei tok av seg hatten eller luva med same dei kom inn.

25.
Til den som kom ~~[illegible]~~ sa dei; „sjå du får sita“.

26.
Det var ikkje gjort nokon stor skilna på dei som kom på besøk.

27.
Til framande som kom på besøk kunde dei segja „Ja du får vera velkomen“.

28.
Det var (nok) sume som tok å turka av stolen når det kom framande f. eks. presten.

29.
Dette svar vert som ovanfor i No. 27.

30.
Når folk reiste sa dei „Takk for i dag“

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11330

„De må liva so vel," og vidare.

31.

a/ Når ein reiste på langreis sa dei, „Lykke på reisa".

b/ „På gjennsyn".

32 u. 33

Å kjysse kvarandre til farvel var bruka helst millom mor og borni.

34.

Dei ha ikkje andre utrykk for kjyssing ~~et~~ hell kjysse.

Derimot hev dei i Böherad, Telemark sagt „Slaffse mule", er det meg fortålt.

35.

Å kjysse på hånd bruka dei eindel langt atende i 1700 talet når dei tok einanen i håndi då dei möttes.

36.

Dette var då gjort for å syne vyrdnad.

37.

Å kjysse si eigi hånd er ikkje fortålt om.

38.

Til småborn segjer dei gjerne slik. „Kann du vera god mot han, ho," eller „Kann du gjeva han ho ein klem." Men dei let aldri framande kjysse borni sine.

39–40

Mori tok ofte og „bytte nasar," med borni. Like eins borni med kvarandre.

41.

11330

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dette med å stela nase er ikkje fortålt om.

42. – 43.

Dette med å leggja kjaken mot „godkjake," var eit kjærteikn som borni gjorde millom foreldre som andre som kom på besök. Sjå sp. 38.

44.

Dei sagde „lykke til" om det var noko godt dei yngste kvarandre.

45. – 46.

Til Jol sa dei: „God jol" eller „du må hava ei god jöl."

„Til Nyttår: „Godt År" „Signa år"

Ved Bånefödsel: „Tillykke med båne"

„Ved forlovels og bruddlaup: „Tillukke med skatten" eller „eg ynskjer Dykk tillykke både too." Det er so mange variantar her, no er det mest „grattuleerar."

47.

Når dei takka for noko var det gjort for meste med hondi.

48.

Når dei skulde reise til kyrkja med like, gjekk ein fram og takka den avdöde på alles vegne for det han ha vore i heim og grannelag. Og ynskte so til slutt fred og signing yver minne hans.

Dette vert mest gjort i alle gravferder den dag i dag. –

Når dei kom til gravferdsgarden gjekk dei rundt og helsa på alle, som var i huse, dei skulde då ganga den kanten som soli gjekk til. „Ganga med soli," sa dei.

49. Å utrykke seg med faktir, var som oftast med „minespelet" same som anlete.
50.51. Til kjende som grannar sagde dei „du" framande „De" i og s. b. „Han" og „ho" likka på same måten.

11330
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING